

Julehelsing frå Rogaland Sau og Geit, desember 2016



Det har vore ein fantastisk haust dette året, med mykje fint ver. Mange av lamma som er blitt slakta har hatt gode vekter og klasser, sjølv om nokre har vore litt tynne

Rogaland Sau og Geit ynskjer å vere ein framtidsretta organisasjon med fokus på mykje forskjellig. Vi vil vere på banen for fagleg oppdatering gjennom kurs og møter. Det er viktig å ha god kommunikasjon med medlemmene, vi vil jobba for saker som dykk brenn for. RSG planlegg regionvise kurs for unge/nye sauebønder. I den forbindelse foreslår vi at lokallag samarbeider og organiserer erfaringsgrupper, gjerne på tvers av kommunegrensene.

Årsmøtet i RSG blir halde 17.-18. februar på Choice Hotell på Sola. Vil oppfordra alle til å sende så mange representantar som muleg. Kvart lokallag kan møte med 1 person pr. 50 påbegynte medlemmer. Logg inn på «MIN SIDE» på nsg.no for å finne ut kor mange medlemmer laget ditt har. For å ha stemmerett på årsmøtet til RSG, må lokallaget ha gjennomført årsmøtet sitt i forkant.

Lam 2017 skal vere på Sola 4.-5. februar. Dette er eit fagseminar med fleire viktige tema og gode føredragshaldarar. I tillegg er det ei sosial samling med yrkesbrøyr og -søstre frå heile landet. Sau og Geit er medarrangør, gå inn på nsg.no for påmelding.

RSG ynskjer innspel til jordbruksforhandlingane! Det er viktig å komme med forslag til endringar og forbetringar. Det er ikkje alltid me får det som me vil, men det er slik me kan påverka. Frist til å sende innspel til RSG er 15.januar.

Samtidig er det viktig å tenkja på at vi må vere medmenneske og stilla opp for kvarandre. Vi treng både varme og humor i kvardagen og det er noko alle medlemmene kan vere med på å skapa i sitt nærmiljø. Medlemsverving kan vere ein fin måte å få kontakt med nye på.

Til slutt vil vi ynskja alle våre sauekollegaer ei strålende julefeiring og eit triveleg og godt nytt år.

Med helsing styret i Rogaland Sau og Geit.